



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## SAKSFRAMLEGG

|           |            |                    |
|-----------|------------|--------------------|
| Dato:     | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 8.12.2011 |            | Morten Larsen      |

|        |  |            |
|--------|--|------------|
| Saksnr | Utval  | Møtedato   |
| 15/11  | Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren | 14.12.2011 |

## MEDARBEIDARTILFREDSHEITSUNDERSØKING – RESULTAT OG VIDARE OPPFØLGING

### Vedlegg

1. MTM – divisjonsrapport for MRFK - tannhelse

### Arbeidsmiljøkartlegging

Fylkesrådmannen har lagt opp eit løp for gjennomføring av ei totalkartlegging av arbeidsmiljøet i alle sektorar og driftseiningar i løpet av 2011. Denne kartlegginga vil identifisere kva aktivitetar og tiltak som skal inngå i handlingsplaner for arbeidsmiljøet i den enkelte driftseining. Kartlegginga dannar dermed grunnlag for kva for bedriftshelsetenester det er aktuelt å kjøpe frå Hjelp 24. SAMU-T vedtok i møte 14. april, sak 5/2011, ein framdriftsplan for arbeidsmiljøkartlegginga i 2011 i tannhelsesektoren.

Kartlegginga av arbeidsmiljøet vil vere todelt:

- 1) Kartlegging (risikovurdering og vernerundar) med fokus på fysisk arbeidsmiljø. Kartlegginga er gjennomført i juni, og resultat og distriktsvise handlingsplanar vart behandla i SAMU-T i møte 21.9.2011.
- 2) Felles kvantitativ kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet i heile fylkeskommunen. Spørjeundersøkinga vart gjennomført med alle tilsette som respondentar i september.

### Medarbeidartilfredsheitsundersøkinga

Undersøkinga byggjer på konseptet Medarbeider Tilfredshet Monitorering - MTM®, som gjennom spørjeskjema måler kor tilfredse dei tilsette er med jobben og arbeidsmiljøet sitt og knytter dette opp mot eit langsiktig og målretta endrings- og utviklingsarbeid. Medarbeidarundersøkinga gir kunnskap om faktorar i arbeidet som påverkar trivsel, helse og yteevne. Svarprosenten for tannhelsetenesta vart 78 %, noko som gir legitimitet til undersøkinga og eit godt grunnlag for å setje i verk forbetnings- og bevaringstiltak.

Personalseksjonen i fylkeskommunen oppsummerer undersøkinga slik: "Selv om det er identifisert arbeidsmiljøutfordringar i enkelte avdelinger/seksjoner er en generell og enkel konklusjon at tilfredsheten blant medarbeidere i Møre og Romsdal fylkeskommune er svært god. Dette gir et svært godt grunnlag for videre utvikling av organisasjonen vår."

Generelt kan ein seie at undersøkinga viser at arbeidsmiljøet i tannhelsetenesta er prega av arbeidsglede, høg grad av meistring og positive utfordringar. Sjølv om det store bildet er positivt, er det også i tannhelsesektoren einingar med arbeidsmiljøutfordringar. Uavhengig av resultat, vil alle tilsette bli involvert i oppfølginga av undersøkinga.

### Vidare oppfølging

- Fylkestannlegen gjennomfører samtaler med kvar av overtannlegane i veke 45 og 46. Føremålet er at leiinga skal få forståing og oversikt over situasjonen samla og i distrikta.
- På overtannlegemøtet 1. desember vil resultatata og oppfølginga av undersøkinga bli eit hovudtema. Her vil også personalseksjonen i fylket delta.

- I møte 14. desember i SAMU-T vil resultatene og den føreståande prosessen på distriktsnivå bli gjennomgått og drøfta med hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Personalseksjonen orienterar i møtet.
- Dersom det er planlagt klinikkleiarmøte før årsskiftet, er det naturleg at overtannlegane går gjennom resultatene for distriktet. Det er likevel slik at resultatene skal gjerast kjent for alle tilsette tidlegast på distriktsmøte i januar (sjå neste punkt).
- Det blir gjennomført 5 distriktsmøte i januar/februar for å orientere og aktivt involvere alle tilsette i oppfølginga. Hovudfokus blir regional delplan og medarbeidarundersøkinga. Desse to tema vil fylle ein heil dag, og vi ser for oss eit "verkstads-format", der alle skal delta og utvikle bevisste haldningar til utviklingsområde i tannhelsetenesten. Den delen av møtet som skal omhandle undersøkinga vil spesielt fokusere på:
  - faktorar i arbeidet som bidrar til trivsel, helse og yteevne
  - korleis arbeide for å vidareutvikle organisering, arbeidsprosessar og samhandling i distriktet/klinikken
  - identifisering av forbetnings- og bevaringsområde, med handlingsplan på distriktsnivå
- Den vidare oppfølginga vil skje på den enkelte klinikk, med utarbeiding av handlingsplan på klinikknivå.

### **Forslag til vedtak:**

SAMU-T tar orienteringa om medarbeidartilfredsheitsundersøkinga til vitande.

Anthony N. Valen  
Fylkestannlege

Morten Larsen  
kontorsjef